




Statsforvaltaren i Innlandet



**Informasjon til elevar og føresette
om retten til å klage på karakterar**

Skoleåret 2021/2022

Kva, kven, når og korleis – klage på karakter

Dette er ei orientering om dei reglane som gjeld for å klage på standpunktakaraterar i grunnskolen i 2022. Om det er noko du ikkje forstår, bør du spørje lærar eller rektor. Reglane om klager på karakterar finns i [kapittel 5 i forskrift til opplæringslova](#).

Enten rett før eller samstundes med at du får standpunktakaraterane i fag eller orden og oppførsel, skal du få vite kva faglærar har lagt vekt på da ho/han fastsatte karakterane. Om du ikkje får ei slik forklaring, bør du be om ei.

Kva kan du klage på?

Du kan klage på alle standpunktakaraterar som skal førast på vitnemålet.

Du kan også klage om du *ikkje* får standpunktakaraterar. Dersom du ikkje har fått standpunktakarater i eitt eller fleire fag, skal du ha fått skriftleg varsel.

Kven kan klage på karakterar?

Alle elevar har rett til å klage på karakterar. Du kan også gje nokon skriftleg fullmakt til å klage for deg. Om du er under 15 år, må dine føresette samtykke i klagen og signere saman med deg. Føresette til umyndige elevar har sjølvstendig klagerett. Det betyr at dei har rett til å klage sjølv om du som elev ikkje er einig i det.

Når er klagefristen?

Klagefristen er 10 dagar, og fristen vert rekna frå det tidspunktet du eller dine føresette er gjort kjent med karakteren eller burde gjort dykk kjent med han.

Før du klager

Du har rett til å krevje ny grunngjeving for karakteren i fag **før** du sender skriftleg klage til skolen. Vi rår til at du bruker denne retten. Grunngjevinga for karakteren kan du få i ein samtale med faglærar, men du kan også be om å få han skriftleg. Dersom du ber om grunngjeving, blir klagefristen avbrote. Ny frist gjeld da frå det tidspunktet du har fått grunngjevinga.

Korleis klagar du?

Du sender klagen til skolen v/rektor. Klagen må være skriftleg, og underskriven av den som klagar eller som har fullmakt. Det må stå i klagen kva du vil klage på, og du bør grunngje klagen.

Kva skjer med klagen din?

Når skolen sender klagen din til Statsforvaltaren, skal faglærar si grunngjeving for karakteren leggast ved. Det skal også leggast ved ei uttale frå rektor om korleis skolen

har følgt reglane for karaktersetting og korleis dei har handsama klagesaka. Du og/eller dine føresette skal ha kopi av alt som vert sendt til Statsforvaltaren.

Klagen og opplysninga frå skolen vil være grunnlaget for Statsforvaltaren si handsaming av saken.

Handsaminga av klager på standpunktcharakterar

Standpunktcharakter i fag

Om du klagar på ein standpunktcharakter i fag, må du være klar over at Statsforvaltaren berre skal ta stilling til om reglane for karaktersetting er følgt. Det betyr at Statsforvaltaren ikkje kan vurdere om karakteren din er rett i høve det faglege nivået ditt.

Om skolen ikkje har oppfylt reglane for karaktersetting, sender Statsforvalteren saka tilbake til skolen. Rektor og faglærar skal foreta ei ny vurdering av kompetansen din, og det er rektor som fastset den endelege karakteren. Den kan være den same som du fekk fyrste gongen, eller den kan være endra til ein lågare eller høgare standpunktcharakter. Den nye avgjersla skal grunngjevast. Du kan ikkje klage på den endelege karakteren.

Meir informasjon om klage på karakter i fag finn du her:

[Behandling av klager på standpunktcharakterer i fag \(udir.no\)](#)

Standpunktcharakter i orden og oppførsel

Det er skolen sitt ordensreglement som er grunnlaget for vurdering i orden og oppførsel. Dersom du ikkje har fått karakteren God i orden og oppførsel, skal du ha fått eit skriftleg varsel.

Om du klagar på karakteren din, skal skolen leggje ved ei uttale frå kontaktlæraren din og rektor når klagen vert sendt til Statsforvaltaren. Du og/eller dine føresette skal ha kopi av alle dokument.

Skolen skal leggje ved desse dokumenta:

- opplysningar som viser at du og dine føresette har motteke skriftleg varsel om at karakteren i orden og oppførsel kan bli sett ned
- ei fyldig grunngjeving for karakteren
- kva for tiltak skolen har gjort for at du skulle ha fått høve til å forbetre karakteren
- kva for karakterar du tidlegare har fått i orden og oppførsel
- utskrift av protokoll som syner korleis skolen har handsama saka, eventuell korrespondanse med heimen og anna relevant dokumentasjon
- kopi av ordensreglementet på skolen og kommunen si forskrift til ordensreglement.

Det er Statsforvalteren som avgjer om karakteren skal endrast og eventuelt fastset ny karakter. Statsforvalterens avgjersle er endeleg.



**Statsforvaltaren
i Innlandet**

E-post: sfinpost@statsforvalteren.no

Besøksadresse:
Gudbrandsdalsvegen 186
2619 Lillehammer

Postadresse:
Postboks 987
2626 Lillehammer

Internett: www.statsforvalteren.no/innlandet

